

Stille Stunder



Eit norsk blad for tru og gudlegdom

Nr. 13.

15. juli 1933.

45. årgangen.

Kom og sjå Jesus!

Referat av ei tale av biskop Støylen.

«Sjå der er Guds lamb, som tek burt verdsens synd!»
(Joh. 1, 29).

1.

Folks synd er folks øydeleggjing, segjer eit Guds ord, og det hev vel aldri vist seg sannare enn i vår tid.

Den som kan vinna yver folks synd, han er folks redningsmann. Den som kann taka burt folks synd, han frelser folket frå øydeleggjing og undergang.

Der er berre ein som kann frelsa oss frå all vår synd. Det er Guds lamb, han som bar verdsens synd.

«Kom og sjå Jesus, som bar vår synd!»

Det var ikkje stort å sjå den tid han gjekk på denne jord. Det var ein fatig timbermanns gut, og han kom frå ein liten landsby uppe i ein fjelldal i Galilea.

Kann det koma noko godt frå Nasaret, sa dei tviande. Kom og sjå! sa dei truande.

Og dei kom og såg, gløymde det aldri. Det var deira liys store dag.

Ein av dei heitte Andreas. Den andre nemner ikkje namnet sitt; men alt er fortalt so livande og klårt liksom du ser det framfor deg, so han som fortel det må visst

ha vore med. Difor hev visst dei gamle rett, når dei trudde at den andre var Johannes. Han brukar ikkje å nemna namnet sitt i evangeliet. Han segjer berre den andre disippelen, eller den disippel som Jesus elska, og det er eit vakkert namn.

Då han skreiv evangeliet var han gamal og gråna. Han hadde tent Herren ein lang livsdag til ende. Det var no kring 70 år etter den dag då han fyrst såg Jesus. Men endå minntest han det so vel. Det var kring den tiande timen, segjer han.

Det var hans livs store dag, som han aldri gløymde. Han vart verande med Jesus den dag og alle sine livedagar, han og dei andre. Stundom so glade som dei sat i gjestebod ved hans bord og såg himmelen open yver seg og sendebod gå millom himmel og jord, stundom so sorgfulle, då trengsla tyngde dei ned og dødsredsla slo ring, ikring dei; men aldri angra dei at dei hadde fylgt det ordet: Kom og sjå Jesus.

2.

Kva var det som fekk dei til å gå til Jesus og sjå frelsaren.

Det var dette ordet av Johannes døyparen: «Sjå Guds lamb som tek burt verdsens synd!» Han sette fingeren på den vonde verken og det stygge sår, synd.

Den gongen liksom no er syndi den grufulle gåte i alt menneskeliv. Frå dei eldste tider hev vismenn grunda og grubla yver denne gåte, og alle hev funne at det er livsens myrkaste makt. Og det er slik den dag i dag. Dei lærde kann visa oss samanhengen i dei store folkesynder frå tid til tid.

Dei kann tyda for oss den myrke arv av låge lyster og dyriske drifter som øydelegg ætter og folk, endå millom dei som er komne lengst.

Sume tok til å tru at me no var komne so langt i framgang og kultur og humanitet, at betre tider med høgare moral hadde vunne yvertak.

Men rett som det er, ser ein at alt brest, og dei gamle fæle folkesynder bryt fram og herjar og øydelegg folk verre enn fyrr.

Folk kann nok tyda mangt både um synder og laster, og inderleg takksame er me for kvart ljosglimt me fær inn i den djupe striden mot alt vondt; men der er berre ein som gjev oss siger i denne striden, og det er han som dette ord er sagt um: «Sjå det Guds lamb som tek burt verdsens synd!»

3.

Jesus kom til oss som låg blødande i vår synd. Han reiste den store strid mot denne grufulle makt som herja vår ætt. Han stridde li-

ke til blod og død, og vann den store siger for alle sine blødande brør.

No stend han som sigerherre midt i vår ætt. Det fullkomne livsideal stend midt i menneskelivet på jord, han er fullkommen, kjærleg og sann og god i alle ting.

Dette fullkomne livet sette han ikkje berre fram for oss som eit forbilete til å lengta etter og stemna mot. Han gav det til oss med liv og nyskapande kraft. Han var offerlambet som gav seg sjølv i den grufulle striden for sine hjelpe-lause brør. Han ofra seg til siste blodsdropsen for å frelsa oss. Og med sitt fullkomne offer sona han for oss! Sjå på han som alltid tok imot syndarar, endå med han hang døyande på krossen! Sjå kor han bøygde seg ned til dei blødande! Sjå kor han tok imot alle som kom til han.

Kom du og med all di synd og sorg til Jesus! Um syndene dine var raude som blod, so skal dei verta kvite som snø. Um dei var som skarlagan, so skal dei verta som den kvite ull.

4.

Dei som kom til Jesus vår syndarar liksom du og eg. Sume var heftige og hardsette menn som Jakob og Johannes, tordensønene. Jesus tok imot dei. Dei såg hans milde makt, og han umskapte dei til kjærleiks apostlar, sterke menn med eit mildt og kjærleg hjartelag.

Sume var tvilande liksom Phillip og Natanael som spurde: kann det koma noko godt frå Nasaret. Kom og sjå, var svaret, og dei kom og såg Jesus og sa: Meister, du er Guds Son, du er Israels konge! Dei kjende at midt i all tvil var her ein so god og so kjærleg, so vis og veldig at han måtte vera sanningskongen og Guds Son.

Mange av dei var fiskarar, jamne arbeidsfolk. Då dei fekk sjå Jesus og hans ord nådde deira samvit, kasta dei seg ned for han og

kjende si synd liksom Peter. Men Jesus reiste dei upp og tok dei med seg til eit nytt liv. Då dei fekk sjå Frelsaren, vart dei umskapte til nye menneske og hans stridsmenn mot synd og død.

Det same hev hendt med tusen og atter tusen av menneske etter den dag, og med mange av oss her ogso.

5.

Du møtte Jesus som bar di synd, og du våga deg til å tru at han tilgav deg alt, so du var ein fri mann og ingen træl under syndi lenger. Du såg han den dag og mange dagar.

Stundom var du so glad og lukkeleg. Du kjende kor stort det er å vera fri. Dei gamle freistingar møtte deg, men det som fyrr sette ditt blod i brand, det baud deg no imot. Det var stort og underfullt for deg å vera med Jesus i det store arbeid som reiser folk etter folk upp av synd og myrker. Det var so stort å vera med Jesus, kongen for evigt kjærleg liv.

Du kjende det slik at det lyfte seg ein lovsong upp mot himmelen. Himmelen var open yver deg. Deruppe i det reine klåre blå, der høyrde du heime.

Men stundom kom dagar då vegane fall deg tunge, og det var myrkt ikring deg. Det verke og blødde i barmen: men i dei tider var det godt å ha Jesus med, Jesus som bar vår synd og sorg. Jesus, som stod midt i vår strid og vann evig siger for oss, og du skal vinna meir enn siger ved han som elska deg.

So segjer me til alle idag: Kom og sjå Jesus, som vil føra deg i striden burt frå synd og skam, til frelsa og fred!

So segjer me og til folket vårt på denne minnedag: Kom og sjå Jesus, han som kann taka burt folkesyndene og skapa oss um til eit sannt kristenfolk!

Folks synd er folks øydeleggjing.

Men folks berging og reisning er nytt liv i han, som frelser folket sitt frå deira synd.

Lova vere Jesus, Kristus, vår Herre og Frelsar, som tek burt vår synd!

BERNT STØYLEN.

Tvo liv som strider.

Eg vil idag skriva litt um den kamp som vert utkjempa i ein truande ungdom sin barm.

Vår bibel fortei oss at ein truande ungdom hev tvo liv.

Det eine liv er det nye menneske som er skapt etter Gud. Ef. 4, 24. Og det andre er det gamle menneske som vert tynt ved dei dårande lyster (Ef. 3, 22).

Millom desse tvo liv er det strid og den varer so lenge me liver. Guds ånd talar um denne strid i Gal. 5, 13 — 6, 10, og han er sjølv med i denne strid.

«Kjötet er huga tvert i mot anden og anden imot kjötet». Gal. 5, 17.

Kjære ven, gløym ikkje dette. So mang ein ung Kristen hev tapt sitt slag og sagt farvel til Jesus med tårer berre fordi dei ikkje fostod sitt eige sjeleliv som kristne.

Då dei ein dag kjende dei bar på eit syndigt hjarta som dei tykte var enno verre enn fyrr, for no såg dei det betre, so kom tvilen: Kann eg vera eit Guds barn? Er eg rett umvend? — Nei det kann ikkje vera rett med meg. Slike stunder brukar satan til sine preikemøte. Det var so sant det satan sa, for hjarta sa det same. Og so var det best å slutta som ein kristen. Hyklar vil ikkje ein staut ungdom vera.

Kjære ven, gløym ikkje at det gamle menneske kann aldri verta umvendt og at det nye menneske er lekkja til eit syndigt menneske som liver til me andar ut her nede. Då fyrst segjer dei farvel med einannan for evigt. Kvifor Gud

hev laga det slik, skal me ogso forstå ein dag.

Men desse tvo liv strider mot einannan no. Og denne kamp må me ogso sjå å få klårleik over. Det gamle menneske kjem fram att med dårande lyster og vil me skal synda som fyrr.

Då må me fyrst vera klår yver: Eg er ein ny skapning, det gamle hev forgjenge, sjå alt hev vorte nytt (2. kor. 5, 17). Eg er gått yver frå dauden til livet, frå satans makt til Gud. Du syndens herre i min barm er ein dømd forbrytar! Eg er kjøpt fri frå tenesta di! «Nei, jeg er kjøpt for dyrt til at prøve syndens lykkespil. Jeg blæser ad den lokkemad, og ser til himlen glad».

Men ein annan ting må me og vera klår yver og det er: Kann det gamle menneske få oss på «tvo manns hand», so gjeng det gale. So stor makt hev enno det gamle menneske i oss. Den fårlegaste freisting for den truande ungdom er difor denne: Eg hev kraft nok i meg sjølv til å klara syndi mi.

Kvifor hev du tapt so mang ein gong? Fordi du stridde åleine i eigi kraft. No skynar du det. Men den dag du sigra, det var den dag du måtte ha Jesus ved sida di heile dagen. Og difor det tridje eg vil minna deg um, kjære ven, det er:

Du kann få liva eit sigrande liv yver syndi i deg og umkring deg når du liver i Jesus og for Jesus. Ein ungdom hadde skrive på fyrste bladet i bibelen sin: «Kvar time for Jesus!» Ja, då vert det ikkje nokon time att for syndi.

I Gal. 5, 19—21 vert upprekna ymse synder som ogso ein truande ungdom hev å kjempa med. Øvst på lista stend dei kjønslige synder i dei ymse former. Kjære ven, hev du siger yver denne syndi i ditt tankeliv?

Det er i din eigen barm sigeren må vinnast. Dei krefter Gud hev lagt ned i din li-

kam for at menneskeliv på jord skal halda fram hev Gud sett gjerde for og helga ved ekteskapet. Men misbrukar me dei, leikar me med dei, vert det synd, anten det er leik i tanke eller det er leik i gjerning, det er det same.

«Fly frå dei ungdomslege lyster», segjer Guds ord. Fly inn til frelsarens barm som då du var liten og sprang i mor sine armar når det var noko du var redd.

I Hebr. 4, 15 stend at Jesus hev medynk med vår vesaldom og difor skal me gå inn til nådens kongstol for å finna nåde til hjelp.

So mang ein ungdom vert ståande med det Jesus hev frelst dei frå, men du skal sjå kva du er frelst til. Me er utvalde til å vera heilage og ulastelege for hans åsyn. (Ef. 1, 4). Og: «Du skal kalla namnet hans Jesus for han skal frelsa sitta folk frå deira synder. (Mat. 1, 21).

Ikkje berre ifrå syndi si skuld og straffi, men dag for dag vil han vera med i vår strid og hjelpa oss til å sigra yver syndi si makt i oss.

Ein dag skal me stå kvitklædde og med palmegrein i hand. Reine og med sigersmerke! Men sigeren må vinnast på denne jord. Sigerskransen fær me i himmelen. Då skal du sleppa strida meir.

OLAV VIKØREN.

I Jesu fotefar.

1 Pet. 2, 20—23.

Apostelen Peter skriv millom anna i desse vers: — «avdi Kristus ogso leid for dykk og let etter for dykk eit fyredøme, so de skal fylgja hans fotefar, han som ikkje gjorde synd, og det fanst ikkje heller svik i hans munn. Han som ikkje skjelte atter, då han vart utskjelt, ikkje truga då han leid, men gav det yver til honom som dømer rettferdig.» —

Alle store menn hev late etter

seg ymse stort, gildt og godt, som kann bera minnet um deim til komande ætter. — Store forretningsmenn hev late etter seg store forretningar, fabrikkar eller anna slikt. Rikmenn hev gjeve arvingane sine store pengesumar — og kannhenda ogso tenkt på samfundet med noko — eit legat t. d. Bygmeistarar hev gilde hus — ja, slott og kyrkior, og kannhenda høge tårn og — som minner folk um at dei livde og arbeidde. Kunstnarane hev sine kunstverk etter seg. Dei store diktarane hev sine bøker, som speglar av deira tankar og arbeid, og ber deira namn til seinare ætter. Filosofane let etter seg sine lærde system og tankebygningar. — Men Jesus? kva let han etter seg? — Ikkje noko av dette eg hev peika på ovanfor. Men apostelen segjer, at han let etter seg «eit fyredøme», so me skulde fylgja «i hans fotefar!» — Han livde eit liv so friskt og sterkt, so reint og rikt, at det stend og lyser for oss, bjart og fagert den dag i dag. Og det lokkar, manar og dreg. — Jesus han gjekk livsvegen gjennom verdi — fram mot Faderen i himmelen — soleis at fotefari syner friske for oss enno. Han fann fram gjennom den myrke verdensskogen, som var so full av tornar og tistlar og kvasse steinar. Frå bakkedrag til bakkedrag streid han seg fram — frå høgd til høgd. Der låg stygge myrke dalar millom; men han nådde måtet. Å, det var velsigna, at han kunde gå vegen, og setja slike merke etter seg, at me kan sjå fotefari! Og det beste av alt er at han gjekk vegen på ein slik måte, at me og fær hug og kraft til å gå honom. Fyredømet han hev gjeve oss, og fotefari han hev late etter seg, er so at det lokkar og dreg oss: for når me ser framyver, so ser me alle merki han hev sett etter seg — kjærleiksmerke — blodmerke. Vegen er merkt med hans hjarteblood. Hans kjærlege sinnelag og hans store offer lyser frå kvart

stig. — Det gjev hug, og det gjev mod og kraft.

For mange år sidan kom det ut ei bok burte i Amerika, som heitte: «Kva vilde Jesus gjera?» Der i den boki freista ein flokk truande alltid å spyrja etter det i dei ymse høve. Ja, til å spyrja so i alle høve, og so gjera so godt som ein kann etter som svaret vert. Det er å gå i Jesu fotefar. — «Han som ikkje gjorde synd, og det fanst heller ikkje svik i hans munn. Han som ikkje skjelte att, då han vart utskjelt, ikkje truga, då han leid, men yvergav det til honom som dømer rettferdigt.»

Mätte me freista alvorleg til å gå i Jesu fotefar.

R. Ø.

Guds varande hand.

Grev Zinzendorf, grunnaren for broderkyrkjelyden sitt samfund, reiste i 1741 til Amerika og preika evangeliet for indianarane. Den gudelege mannen slo seg ned i Wyoming i Pensylvania på ein naturfager stad. Der tok han til med sitt store kjærleiksarbeid.

Indianarane var likevel rædde at den framande tenkte på nokó vount. Difor vart dei samde um å taka livet hans.

Zinzendorf sat åleine i teltet sitt på ein dunge av gras, som var sengi hans. Han sat og skreiv då indianarane nærma seg for å utføra sin tanke. Det var natt, og Zinzendorf hadde tendra eit bål for å verja seg mot den kvasse haustkilden. Berre eit ullteppe var hengt attfor inngangen til teltet.

Varmen frå elden hadde lokka

ein stor giftig klapperslange inn i teltet og han hadde rulla seg saman nett ved føtene åt Zinzendorf, som ikkje hadde gjeve gaum etter det. Utanfor var det gravstilt. Det einaste ein hørde var susingi frå elvi.

Indianarane nærma seg varsamt, lyfte på teppet og såg med hemnfusé augo på greven. Han var so uppteken med skrivingi, at han korkje merka seg indianarane eller klapperslangen ved føtene sine. Men då dei ville såg slangen liggja uroleg ved mannen sine føter, tapte dei modet. Ingen torde gjera åtak på den framande mannen. Dei vende fort attende til kameratane sine og så deim, at den store åndi varde for den framande, for dei hadde set ein klapperslange liggja ved føtene hans utan å gjera honom noko illt.

Grev Zinzendorf heldt dei frå denne stundi for å vera sendebod frå den store åndi. Han fekk lov til i fred å forkynna evangeliet, og mange innfødde vart fanga inn i Guds rike.

«Herrens engel lægrar seg ikring dei som ottast honom, og friar dei ut».

Bergens fagskole.

Nye 2-aarige kurser begynner 1. september. Undervisningen er teoretisk- praktisk og omfatter avdelinger for **tre- metall- og elektroteknikk.**

Der undervises 25 timer i teoretiske fag, 25 i verkstedarbeide ukentlig.

Skolepenger kr. 12.50 månedlig. Plan tilstillès. Innm. mottas. BAB

Bladmannaskulen

gjev opplæring i bladarbeid ved brevbyte. Plan fritt.

Bladstyrar **HANS AARNES,**
Bygdøy, Oslo.

Solglimt.

— månadsblad for Norsk vanføresak —

Kjem ut i **Alvøy**, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidingar um saki frå inn- og utland, forteljingar o. a. Styd vanføresaki ved å tinga bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgleve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet. Fritt og friskt.

Bendeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126
ved Landmannstorget.

Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen
Husbunad i norsk stil. Stort bladhald.

Hugs bladpengane!

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Oppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda